



## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Per Stensland  
Telefon: 57643160  
E-post: [fmsfpst@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpst@fylkesmannen.no)

Vår dato  
14.06.2016  
Dykkar dato  
11.05.2016

Vår referanse  
2015/4211- 733.0  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

### Uttale frå fylkesrådet for eldre - fysioterapitenester

Vi viser til uttalen frå fylkesrådet for eldre datert 11.05.2016 der de skriv:

*«Fylkesrådet for eldre er gjort kjend med at pasientar som har vore handsama på sjukehus får med seg ein rekvisisjon for oppfølging hos fysioterapeut når dei reiser heim. Dei må sjølv syte for å skaffe seg plass. Vi har fått melding om at i fleire høve har dei hatt problem med å få time, av ymse årsaker, og i verste fall ikkje fått oppfølging i det heile. Dette er som oftast sårbare pasientar, som er heilt avhengig av oppfølging og hjelp i opptreningsperioden. Fylkeseldrerådet meiner at dette ikkje er godt nok. Vi ber fylkeslegen sjå nærmare på dette. Det bør vere behandlande lege/fastlege som har ansvar for å skaffe fysioterapeut i opptreningsperioden. Er det vanskar med å få behandling hos fysioterapeut, må pasienten henvisast til institusjon som driv med opptrening, td. Hauglandssenteret».*

Når ein pasient vert skrive ut frå sjukehus med rekvisisjon på fysioterapi for vidare behandling av tilstanden sin, kan slik behandling anten bli gitt i opptreningsinstitusjon eller hos fysioterapeut utanfor institusjon. Det er ulike rekvisisjonar /tilvisingar for dei to tilboda. Vi går ut frå at uttalen spesielt handlar om tilfelle der det er rekvirert fysioterapi i kommunen.

Etter pasient- og brukarrettslova § 2-1a har pasientar rett på naudsynte helse- og omsorgstenester frå kommunen. I kommentarane til denne paragrafen heiter det: *«Begrepet «nødvendige helse- og omsorgstjenester» skal tolkes slik at det gir rettskrav på nødvendig hjelp med en forsvarlig standard, basert på en individuell helse- og omsorgsfaglig vurdering av behov. Kravet om forsvarlighet følger både av helse- og omsorgstjenesteloven og av helsepersonelloven. Det er vanskelig å angi presist på et overordnet nivå hva som tilfredsstillter kravet til nødvendig og forsvarlig hjelp. Omfang og nivå på hjelpen må vurderes konkret, og ulike momenter knyttet til den enkeltes situasjon vil være relevante i vurderingen. Ved beslutning om tjenestenivå og -omfang kan det legges vekt på hensynet til kommunens ressurser og prioriteringer. Loven setter imidlertid en minstestandard som kommunene ikke kan gå under...»*

Det går fram at det er kommunen som skal skaffe tenestene

I slike tilfelle må pasienten sjølv eller med hjelp frå andre ta kontakt med fysioterapeut.

Fysioterapeuten har sjølvstendig ansvar for å vurdere og prioritere i eigen venteliste ut frå faglege kriterier. Når det er vanskeleg å komme til hos fysioterapeut, vil fastlege eller kommunen ofte kunne gi råd om korleis ein kan gå fram.

Dersom det er eit problem å få naudsynt behandling hos fysioterapeut, kan pasienten klage til kommunen og om dette ikkje fører fram, klage på vedtak frå kommunen til Fylkesmannen.